



# Invitasjon til fagdag i sosialtenestelova

**Arrangør:** Fylkesmannen i Møre og Romsdal i samarbeid med kontaktpersonar frå Tenestemråde (TO) Romsdal.

## Målgruppe:

Tilsette (leiar/veileidar) i NAV kontor som tildeler og utfører de sosiale tenestene. Dei som deltek bør ha eit minimum/grunnleggjande kompetanse på sosialtenestelova for å få utbytte av fagdagen. Vi viser til tidlegare utsendt informasjon per e-post 20.02.17 og 05.05.17. For dei som er ny, har vi tilbod om grunnleggjande kurs i sosialtenestelova i 2018.

**Tid:** Torsdag 21. september 2017 kl 09.00 – 15.00 (registrering frå kl. 08.30).

**Stad:** Quality Hotel Alexandra, Molde

## Målet er medverke til god forståing og praktisering av sosialtenestelova

- Drøfte komplekse saker – case
- Drøfte tema/paragrafer i sosialtenestelova som kan vere vanskeleg å forstå/praktisere.
- Drøfte problemstillingar for eksempel utfordringar hos brukar/systemet/veileidar som kan gjere det vanskeleg å anvende sosialtenestelova
- Fagleg påfyll i høve tema

Kontaktpersonane Jan Ove Melkvik og Marit Kormeseth Havnen frå NAV Molde og Kjell Iversen frå Fylkesmannen hadde planleggingsmøte 14.06.17 og sette då opp ein del tema som vil kunne bli tatt opp på fagdagen. Vi vil møtast 07.09.17 for å lage endeleg program.

- Skrivning av vedtak (vi vil dele ut eit anonymisert vedtak frå NAV Molde som utgangspunkt for drøfting).
- Innspel og drøfting med omsyn til § 17 i sosialtenestelova.
- Drøfting av tilhøvet mellom §§ 18 og 19.
- Drøfting av «inngangsvilkår» etter § 18 i forhold til vilkår etter § 20 og § 20a.
- Case frå NAV Molde.
- Tannbehandling-korleis behandle saker med store og kostbare behandlingar?
- Flyktningar-korleis møte deira forventningar og behov?
- Utlendingar, utgifter til søknad om statsborgarskap, søknad om fornya opphald, søknad om fornying av pass.
- Soning i fengsel og tilhøvet til bustad. Kva er kort og lang fengselsstraff?

Endeleg program får de ved frammøte på fagdagen, men her er nokre viktige klokkeslett:

**08.30: Registrering og kaffe/te, ½ rundstykke.**

**09.00 Programmet startar.**

**11.30-12.30: Lunsj**

**15.00: Takk for i dag.**



**Eiga førebuing:**

For at alle som deltek skal ha størst mogleg utbytte av dagen, oppmodar vi om at de på førehand ser på tema på Navet «Standard for arbeidsretta brukaroppfølging og sosiale tenester». Vi forventar også at de er godt kjent med Rundskriv Hovednr. 35 til Lov om sosiale tenester i NAV og Veileder til sosialtenestelova §17.

**Deltaking:**

Vi avgrensar til 30 deltakarar på fagdagen. Etter drøfting med NAVkontora har vi sett opp talet på deltakarar frå kvart NAVkontor slik: Fræna/Eide 7, Midsund 1, Nesset 2, Molde 6, Rauma 5, Aukra 1, Vestnes 1. Vi ber NAVleiarane sende denne invitasjonen til dei tilsette det gjeld (som de på førehand har plukka ut).

**Økonomi:**

Fagdagen er gratis. Reisekostnader dekkast av arbeidsgivar. Av omsyn til miljøet oppmodar vi dei som har høve til det om å reise kollektivt.

**Elektronisk, bindande påmelding innan fredag 18. august** på vår kurskalender som ligg på [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no).

Alternativt bruk denne direktelinken:

<https://www.fylkesmannen.no/nn/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/Fagdag-i-sosialtenestelova-21-september-2017/>

**Vi ber om at frist for påmelding blir halden.**

Spørsmål om påmelding kan rettast til e-post: [fmmrkurs@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkurs@fylkesmannen.no) eventuelt ta kontakt på telefon 71 25 85 05.

For nærare informasjon om innhaldet i fagdagen kan du ta kontakt med:

Oddhild Johnsen [fmmrodjo@fylkesmannen.no](mailto:fmmrodjo@fylkesmannen.no)

Kjell Iversen [fmmrkjiv@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkjiv@fylkesmannen.no)

Tore Oshaug Tokle [fmmrtoto@fylkesmannen.no](mailto:fmmrtoto@fylkesmannen.no)

